



DEN NORSKE KYRKJA

Kaupanger Sokneråd

Kaupanger 19.11.20.

Referat frå møte i Kaupanger Sokneråd

Møtedato: **Tysdag 17.11.20.**
Møtetid: 1900- 2100
Møtestad: Gamleskulen, Kaupanger skule

Desse møtte: 1) Einar Skeie, leiar 2) Rasmus Stokke, skrivar 3) May Kristel Bødal, nestleiar 4) Margunn Lomheim, medlem 5) Marie Bukholm, medlem, 6) Anny Hofsvik, 2. vara, og Kathrine Valle, sokneprest.

Fråfall: Terje Hauståker, kasserar og Inger Johanne Talle, 1. vara

Opning:

- Velkomen og gjennomgang av saklista v/Einar
- Ord for dagen ved Kathrine

Saker:

Sak 31/20 Godkjenning av innkalling og referat frå møtet 22.09.20

Godkjent

Sak 32/20 Val av leiar og nestleiar i SR frå 01.11.20 til 31.10.21

Leiar frå 01.11 – 31.10.20: Einar Skeie: Samrøystes
Nestleiar frå 01.11-20- 31-10-20: May Kristel Bødal: Samrøystes

Dei andre i rådet held og fram i sine rollar.

Sak 33/20 Endringar/oppdateringar av Gudstenesteplan og møteplan frå 22. november og ut januar 2021

Endringar i gudstenesteplanen til og med januar 2021 vart gjennomgått. *Sjå vedlagt plan.*

Det er ønskeleg at tekstlesar og kyrkjetenar hjelper konfirmantane som er kyrkjevertar, og som signaliserer behov, til å notere ned namn og telefonnr. på dei som kjem inn i kyrkja.

Skulegudstenesta før jul let seg ikkje gjennomføre i år.

Ein prøver å få til ei julegudsteneste på ein halvtime ute, og med konfirmantane som tekstlesarar som utgangspunkt. Einar er reserve.

Sak 34/20 Presentasjon og godkjenning av rutineskildringar for frivillige medarbeidarar som tekstlesar og kyrkjevert i Kaupanger stavkyrkje. Framlegg ved Marie og Margunn

Framlegget til rutineskildringar for tekstlesarar og kyrkjevertar blei presenterte, og vedtekne utan endringar. Justeringar er gjort av Jostein Risa på Kyrjekontoret med m.a. rett organisasjonsnummer for vårt SR, rett tlf.nr. til kyrkjetenar i Kaupanger, rett logo samt litt utfyllande tekst om bruk av VIPPS lagt inn av Einar Skeie. *Sjå vedlegg.*

Rutineskildringane blir vidareformidla til kyrjekontoret og dei aktuelle friviljuge.

Sak 35/20 Oppfordring om å gje gåve til inventar i Stedjetunet. Ta det med i kunngjeringar på gudstenestene våre. Kan me i Kaupanger sokneråd gje ei gåve som medeigar i Stedjetunet? Fristen er innan 31.12.

Konklusjon: Ein tek oppfordringa om å gi gåve til Stedjetunet med i informasjonen om kunngjeringar i gudstenestene, og tekstlesarane får melding om det. Leiar og kasserar får fullmakt til å finne ein høveleg sum som gåve til inventar frå soknerådet. Kasserar og leiar er samde om å gje kr.2500,- førebels. Inkludert i summen er midlar som ville vorte brukt som julehelsing til tilsette.

Sak 36/20 Spørsmål frå Søndagsskulen i Bergen krins om besøk og samtale om arbeidet blant barn og unge? Er dette aktuelt hos oss?

Konklusjon: Vi kan gå i lag med Stedje viss dei ønskjer å kome. Vi ønskjer ikkje å forplikte oss til samarbeid då vi har eit godt fungerande samarbeid lokalt med Kaupanger Indremisjon.

Sak 37/20 Høyringar frå Kyrkjerrådet – gjeld Kyrkjeval, endringar i kyrkjeordninga, fjernmøter, frivillig arbeid, mal for heilskapleg soknerådsplan. Er ikkje forplikta til å svara på alt.

Einar orienterte frå høyringsdokumenta, og soknerådet tek informasjonen og høyringsinnspela til vitande. Ein set pris på at det er foreslått å halde fram kyrkjeval samstundes med kommunevalet, og at det blir lagt til rette for utvikling av digital førehandsrøysting.

Sak 38/20 Julehelsingar til frivillige og tilsette i 2020, kva løysing har me råd til?

Konklusjon: Dei tilsette får julekorthelsing og ei felles konfektøskje. Einar ordnar det praktiske. Ein ønskjer at pengane ein ville brukt på gåve/blomhelsingar til den enkelte går til Stedjetunet.

Dei friviljuge: Dette er Tone Sætre, Anders Bjørk, Sigmund Havn, Erik Asbjørn Thue og Gunnar Stundal. Dei får mjølkesjokoladehjarte med raud sløyfe og kort. Marie kjøper inn og ordnar kort. Margunn hjelper til med distribusjon.

Sak 39/20 Orienteringssaker:

a) Spørsmål om nye benker til kyrkjegarden hos Sogndal Ressurssenter. Dei gamle benkane er fjerna. Einar har følgd opp Sogndal Ressurssenter, og sjekkar med andre viss det viser seg at dei ikkje greier å levere.

b) Gåve til Kaupanger stavkyrkje frå polsk dame. Det er ein hekla duk som truleg vil høve best i den nye kyrkjestova. Må få meir om historia og dokumentere det når ein har fått gåva plassert.

c) Notat frå møtebok i FR om at nye gravlunden er ferdig bygd og godkjent
Blei formelt godkjent i Fellesrådet den 3/11- 20

d) Framlegg til takkebrev til frivillige som har avslutta sin innsats – Notat frå diakon Gitte. Ein takkar for framlegg til tekst, som vil vere utgangspunkt. Det vil vere så få friviljuge som er aktuelle å takke på denne måten at me vil lage ein kortare tekst med litt meir personleg innhald som ein leverer direkte til mottakar.

e) Diakoniens dag

Det er ønskjeleg å legge dette inn i gudstenesteplanen ein søndag på nyåret.

f) Neste møte i soknerådet

Tysdag 12. januar 2021 kl.1900.

Kaupanger Sokneråd

Rasmus Stokke
skrivar

Einar skeie
leiar